

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Dato	12.01.2022
Vår referanse	2021/88522-2
Dykkar referanse	21/1221 - 3 / ANT
Sakshandsamar	Kari Elster Moen
E-post	Kari.Elster.Moen@vlfk.no
Telefon	95288829

Uttale - dispensasjon - frådelling og bygging av hytte - gnr 165 bnr 6 - Baløy - Austrheim kommune

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg viser til dispensasjonssak sendt oss til uttale. Saka gjeld søknad om frådelling og bygging av fritidsbustad på gnr. 165 bnr. 6 i Austrheim.

Tilkomsten til omsøkt frådelt eigedom går via privat veg og ut i fylkesveg 5512 Baløyvegen. Etter opplysningar i oversendingsbrevet, ser det ut til at avkøyrsla til fylkesvegen ikkje ligg innanfor gjeldande reguleringsplan. Det må søkast om utvida bruk av avkøyrsla til fylkesveg før det kan godkjennast frådelling eller bygging på eigedomen. Søknaden skal behandlast etter veglova dersom avkøyrsla ikkje er regulert i reguleringsplanen. Er avkøyrsla regulert i same plan der omsøkt tiltaket ligg, skal avkøyrsl spørsmålet vere ein del av dispensasjonsbehandlinga.

Førebels uttale til avkøyrsla:

Avkøyrsla er noko utflytande og må strammast opp. Det må berre vere eitt avkøyrslpunkt. Hellinga i avkøyrsla skal vere slik at overvatn ikkje renn ut i fylkesvegen. Det kan sjå ut til at hellinga bør rettast noko slik at det er fall frå vegkant og inn i avkøyrsla slik at vatn renn bort, og ikkje ut i vegen. Då unngår ein at det dannar seg is i vegbana vinterstid, og ein unngår at det renn grus ut i vegen. Både is og grus kan skape farlege situasjonar for både bilar, motorsyklar og syklistar.

Det kan ikkje parkerast i siktsona. Det er mogeleg at postkassestativet må flyttast. Dersom avkøyrsla er ein del av dispensasjonsbehandlinga, må kommunen ta inn vilkår tilsvarande vår uttale. Dersom avkøyrsla skal behandlast etter veglova, vil vi kome med konkrete vilkår i vår behandling av saka.



Avkøyrsla vist i Google Street View frå juni 2019. Det kan sjå ut som at postkassestativet står i siktsona.



Bilde frå andre retninga som viser at det framstår som at det er to avkøyrslpunkt der det kun skal vere eitt.

Med helsing

Hege Løtveit

leiar

INV - Forvaltning Bergensområdet

Kari Elster Moen

senioringeniør

INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Postadresse	Telefon	E-post	Heimeside	EHF-Fakturaadr.	Organisasjonsnr.
Postboks 7900 5020 Bergen	05557	post@vlfk.no	www.vestlandfylke.no	821311632	821 311 632

Lenke til informasjon og søknadsskjema: <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/avkoyrselsloyve/>